

Julebrev frå Austevoll Idrettsklubb



2020 er snart over, og me gler oss til å ta fatt på idrettsåret 2021. Året starta som vanleg med full aktivitetar både i Austevollshallen og Austevoll Idrettsanlegg.

Det tok dessverre ein brå slutt for all aktivitet 12 mars, då Norge blei nedstengd pga. av Korona.

All aktivitet blei stengt ned, og ingen visste kor lenge dette ville vare. Me valde å permittere alle tilsette då all aktivitet stoppa opp. Fann vel ut at det var betre å starta opp igjen litt tidlegare, slik at me fekk aktiviteten i full gang igjen då me endeleg kunne starte igjen. Dessverre kom aldri den dagen med full aktivitet i 2020.

Dei tilsette begynte igjen i mai og august, då det såg ut som om det vart litt opningar på aktivitet.

På årsmøtet i år, valde me å avslutte orientering, cheerleading og innebandy. I desse gruppene har det ikkje vore aktivitet, så då er det ikkje grunnlag for å ha dei.

Anlegg- Me hadde skifte av golv på lista i år. I koronatider gjekk mykje vår veg på anlegg. Hallen blei stengt for aktivitet, så den sto tom heile døgnet. Klubben spurde kommunen om dei kunne halda maling om me måla. og dette var dei positiv til. Nærmore 400 dugnadstimar blei brukta i hallen til slutt, så jobben var nok litt større enn me hadde sett for oss. Utan badmintongruppa og klatregruppa hadde me aldri klart dette.

Neste positive ting var at me fekk pengar til nye lys i hallen. Dette fekk med faktisk gjort med eit naudskrik før golvet kom. Etter litt over ei veke, var golvet og på plass. Me er utruleg takksam for at kommunen vart med på denne oppgraderinga av hallen, og at me fekk gjort det når det ikkje var aktivitet. Golvet er heilt fantastisk godt, og me har fått merka 7 badmintonbanar.

Me sakna enno eit lager i Austevollhallen, lagerkapasiteten var nemleg sprengt for mange år sidan. Dette har me hatt på «ønskelista» vår i mange år, me håper det blir ein realitet i 2021/22.

I 2016/17 ble friidrettsanlegget oppgradert. Målet var at det skulle vera ferdig til sommaren 2020, men det er utsett ei stund til. Bana blir därlegare etter kvart, så me ser ikkje noko anna alternativ enn at ein må skifte heile dekket denne gongen.

Austevoll Kommune jobbar med eit spanande prosjekt på området rundt skulen. Her skal ein sjå heilheit i skule og anlegg, me trur dette må bli bra. I klubben er me oppteken av at infrastrukturen blir betre. Me manglar ein skikkeleg veg til Austevollhallen, fordi ingen av dei me har er gode nok. Ser og at meir parkering er eit behov når ein bygger nye og flotte anlegg.

Fotballhallen ser ut som om det blir ein realitet. Dette er eit stort prosjekt, som fotballspelarane i Austevoll ser fram til.

Me har pr i dag 4 tilsette i klubben. Annette Horne Tøkje har ei 30% stilling i symjegruppa, ho gjer ein fantastisk jobb med symjarane våre. Arbeidet ho har lagt ned viser på resultatlistene no.

Anders Tøsse har 30% stilling i klubben som administrativ leiar, og denne fekk han fast i haust. I tillegg har han fått ein 15% stilling i FFO. Trond Fredrik Ludvigsen jobbar i 70% stilling. Han jobbar som sportsleg leiar, med fotballfritidsordninga, og storhallen. Han var i tillegg tilsett som trenar for A laget vårt.

Anne B Drønen jobbar i 100% i klubben, noko ho har gjort sidan 2004. Har ansvar for dei andre gruppene, hovudlaget og hallen.

Ho er primus motor for alle lågterskestilboda som open hall, open hall for ungdom og idrettskulen

Vivian Horgen var leiar fram til årsmøtet i år, då takka ho for seg. Morten Mortvedt kom inn som leiar. Han fekk ein hard start der han nærmast flytta i hallen i lag med dugnadsgjengen. Han har gjort ein stor jobb på anleggssida og som leiar for klubben.

Me har hatt ca. 750 medlemmer i klubben i år, og mange av desse er med på fleire aktivitetar. I år starta me med idrettskule, fotball, volleyball, klatring, friidrett, symjing, badminton, barnetrim og turn. Dette blei det jo ein brå slutt på i mars. Nokre grupper har trent med restriksjonar, mendan andre har lagt brakk i koronatida.

AIK driftar Austevollhallen for Austevoll kommune. Me har ansvar for tildeilingar, hallvakter og utleige. Me har ikkje kunna leigd ut til bedrifter etter koronaen kom. Fleire av dei vaksne gruppene som deler utstyr har ikkje fått hatt treningar.

Austevoll Idrettsklubb sender gamle drakter, restar etter fotballskulen og anna utstyr til organisasjonar som treng utstyr. I år har me gitt til Mulūka Emmanuel Fred i Uganda. Så her kjem mange til å gå med Austevoll Idrettsklubb på brystet 😊

AIK har ein del arrangement i løpet av året bl.a. Open hall, Austevoll meisterskap i friidrett, Tine Fotballskule, Austevoll sprinten, Pga korona blei Austevolløpet, Julacupen og Austevollmesterskapet avlyst i år.

Me har i år inngått samarbeid med Nike og Torshov sport om kler. Dette er eit samarbeid me er godt nøgd med.

Friidrettsgruppa har som all anna idrett hatt redusert aktivitet i år pga. av korona. Fram til mars hadde gruppa treningsstilbod for 2. trinn og oppover, og det var ei stabil gruppe på trening trena av Nina Møgster, Margrethe Njåstad, Silje Halstensen. I slutten av februar hadde gruppa Austevollsmeisterskap i lengde og høgde utan tilløp i Austevollshallen. I midten av mars blei all treningsaktivitet stengt ned. I slutten av april starta ein forsiktig opp igjen med trening for den gruppa som regelmessig har delteke på stemner i og utanfor kommunen. I perioden juni-august var det nokre mindre stemner i Bergensområdet der nokre av våre utøvarar har delteke. Dei har vist gode resultat.

Etter mykje avlysingar klarte gruppa å arrangera Nestleleikane. Dette er ein slags friidrettskule som gjekk over 6 ettermiddagar i perioden august-oktober. I underkant av 40 barn deltok på leikane. Den eine onsdagen var det lagt inn stemme i form av Austevollsleikane. Denne ettermiddagen var det enda fleire deltagarar, og det var eit veldig populært arrangement med mykje idrettsglede og mange glade debutantar. I eit år prega av avlyste idrettsarrangement var det veldig kjekt både for arrangør, deltagarar og publikum at det endeleg var idrettsarrangement på anlegget vårt. Austevolløpet skulle eigentleg vere i oktober for 39. gang, men dette blei og avlyst på grunn av den ustabile situasjonen med Covid-19. Det har vore ei fin gruppe på trening denne hausten, og vi håper og trur at 2021 er tilbake på normalt aktivitetsnivå når det gjeld konkurransar.

Idrettskule- Er eit tilbod me har hatt i heile 2020. Her prøver me å vera innom dei ulike idrettane me har i klubben vår. Dette tilbodet er frå 1-4 klasse.

Trenarar er Hanne Haugland og Anne B Drønen (våren)

Open hall er eit tilbod som er blitt veldig populært . Dette er eit tilbod om å opna hallen i helgane for aktivitet i vinterhalvåret. Mange store og små tek turen til Austevollhallen for å klatra, bowl, eller hoppa på den store madrassa. Dette blei det og ein brå stopp på etter 12. mars, men før dette klarte me å halda ope nokre helger og i vinterferien.



Badminton held fram med å vere eit svært populært tilbod i AIK. Dette synst styret i badmintongruppa er veldig gledeleg. Det kjem inn stadig nye utøvarar. Berre i haust har det starta 22 nye. Per i dag har gruppa 55 deltagarar. Desse er fordelt mellom 12 vaksne og 43 barn og ungdom.

Gruppa har til saman 4 treningar i veka. Til vanleg reiser dei på både lokale turneringar og landsturneringar. Nokre av utøvarane hevdar seg godt nasjonalt, og under ungdoms-NM i februar kom dei til kvartfinale både i damedouble og i mix.

Endeleg har gruppa sitt ynskje gått i oppfylling. Dei har fått nytt golv i hallen og oppmerking av 7 baner. Dette har gjort ein stor forskjell i treningskvelden. Med så mange utøvarar i sving er det viktig med god plass. Det har vore heilt supert å trene på det nye golvet i haust.

Slutten av førre sesong og starten på denne har for badmintongruppa, som for alle andre, vore sterkt prega av verdssituasjonen. Koronapandemien har ført til mange avlysingar av turneringar og ein lengre periode utan moglegheit for å kunne trenere. No håper berre gruppa på at situasjonen skal roe seg, og at vår-sesongen kan by på mange gode og spanande kamper og turneringar.

Gruppa ynskjer alle saman ei smashing jul 😊

Turn- Dametrimmen 2020

*Du må møte trimdamene
Aud og Kari, Svanhild og Svanhild, Hilde og Sonnev,
Laila og Ingegjerd, Helene, Eli og Helga
Trimmen har gjort underverk med oss
Den har bore oss fram
i tiår etter tiår
og ført oss fram
gjennom melodí etter melodí og program etter program
Me har heldt ut med det meste av byggjing og fornying.*

*De må møte oss
Me er mellom 60 og 78
Me tar i alt me orkar,
til og med no når koronaen herjar
Aldri kviler me i motbør og strid
Det blæs i treningskleda våre
so at me tek i alt me orkar torsdag etter torsdag
Trimmen blæs liv i kroppane våre,
sjølv no lenge etter at me tok til å trene etter musikk.
Tøffe og spreke kvinner er me, trossar alder og slikt.
Sjå på oss kor spreke me er.*



*Helga Rabben fekk i år årets frivilligheitspris fra Austevoll kommune.
Ho har vert trenar i turngruppa vår sidan 1979.*

Klatregruppa-Klatreåret 2020 starta som normalt med trenings både for store og små. Mykje kjekk aktivitet i gruppa med ivrige klatrarar i alle aldrar. Som i alle andre idrettar vart det full stopp i mars. sidan me har mykje delt utstyr i klatregruppa, har det vore vanskeleg å starte opp igjen med tanke på godt smittevern.

Hell i uhell var var at den ivrige klatraren Oda Årland frå Stolmen var heime i ein lengre periode i vår. Ho og fleire har utvikla fleire supre klatrefest utandørs på Stolmen. No kan ein gå ein fin tur vest for Samson stykket og klatre heilt ytterst i havgapet. Området har både lette og vanskelege ruter, så her finn ein noko for alle. Ei fantastisk oppleving å klatre med storhavet på sida av.

På tross av eit år med lite organisert trenings, så opplever klatregruppa ei stor auke i interesse for klatring. Born, ungdom, unge vaksne og godt vaksne er klare for eit nytt år med mykje aktivitet.

For å oppretthalde godt smittevern vert aktiviteten i 2021 vore omorganisert noko. Mindre faste grupper og mykje god klatring !

Volleyballgruppa har hatt eit damelag og eit ungdomslag for jenter i trenings.

Pga. av covid-19, så har ikkje damelaget fått moglegheit å melde seg på serie, dei hadde nemleg ønske om å prøve seg i serie for damer. Dei har hatt stor oppslutning på treningane, og fått litt bidrag frå Nils Bjarne Dåvøy frå hausten 2020, som trenar. Marie M Dåvøy, har vore i morsperm, men har styrt gruppa godt, slik at dei held koken. Ikke alt har vore negativt året 2020. Leiari i volleyballgruppa, fekk ein førespurnad på våren , om det var mogleg å starte opp eit jentelag (J15) i volleyball på hausten! Vi var heldig som fekk tak i Morten H Mortvedt, som har 2 jenter sjølv med på jentelaget, som trenar! Dei er no 17 Jenter. Morten H Mortvedt har fått med seg Torbjørn Karlsen på lasset, i trenergruppa. Jentelaget har hatt ein flott framgang på terninga, og over mykje på grunnteknikk, og det verka r som dei synest dette er kjekt. Det er eit flott miljø på treningane og gruppa!.

Skøyter- har dessverre lagt brakk i 2020, men dei håpar på å få litt aktivitet no i vinter. Olav Njåstad er leiari for denne gruppa.

Dei klarte å arrangera eit stemne på Slåtthaug, før Koronaen kom.

Symjing - Året 2020 starta godt for symjegruppa. Vi fekk arrangert stemne i byrjinga av mars, der fleire lokale klubber deltok. Og som i fjor, hadde vi fleire symjarar som var kvalifisert for LÅMØ, deriblant våre yngste kvalifiserte nokon gang, nemleg Liv og Julia Våge begge 10 år. Dessverre kom korona, så LÅMØ ble avlyst, og all trening i basseng blei stengt ned. Det medførte at vårsemesteret hadde sin siste trening onsdag 11. mars.

Heldigvis fekk bassenga opne igjen 1. juni, og våre to konkurransegrupper fekk gjennomført fleire treningar før fellesferien i juli. Til hausten blei det starta opp igjen med ordinær trening til alle gruppene, der siste veke med ordinær trening for dei fleste var veke 49.

På grunn av mangel på instruktørar har Ole Gabriel Haugland og Maja Bjånes teke på seg ansvaret for fleire av gruppene, noko som har gjort at alle symjarane har fått halde sine plasser ved oppstart i haust. Dette er vi veldig takknemlege for. Vi ønskjer og å takke alle våre dyktige instruktørar, som har lagt ned betydeleg innsats for å sørge for at undervisinga går mest mogeleg som normalt, samtidig som dei passer på at smittevernet er på plass. Uapproberte stemner har det dessverre ikkje blitt arrangert fleire av etter vårt stemne i mars, mens det for approbert har vært arrangert nokre i haust, då utan publikum. Der har våre symjarar gjort seg merka med gode resultat, blant anna kor Klara Nilsen og Silvia Hufthammer kvalifiserte seg til Nordsjøstemnet og deltok her.

2020 ble ikkje helt som forventa, men nå ser vi frem mot 2021, og gleder oss til vi startar opp igjen i januar.



Fotball

Fotballåret 2020 vil bli husket i lang lang tid.

Året begynte normalt med påmelding til serie og cuper. Det var stor aktivitet på anlegget og alle var klar for en ny sesong.

Noen lag var heldige med å delta på cuper før alt stoppet opp 12.mars. Plutselig var det tomt på anleggene, og vi gikk en usikker tid i vente samtidig som klubbens ansatte ble permitterte.

Den ene cupen etter den andre ble avlyst, og seriestarten ble utsatt flere ganger. Det ble dessverre verken seriespill eller cuper i vårsesongen.

Det ble etter hvert åpnet opp for treninger igjen for barnefotballen, og etter en stund kunne ungdomslagene også begynne å trenere igjen.

Fotballens koronavettregler ble etter hvert et meget nyttig verktøy i treningshverdagen, men selv med til dels strenge restriksjoner var det kjekt å se god treningskultur og aktivitet igjen.

A-laget hadde rykket opp til 4. divisjon og laget så fram til å ta fatt på årets sesong, som hadde begynt bra med stort treningsfremmøte og motiverte spillere. Men seniorfotballen i de lavere divisjonene fikk ikke lov til å begynne å trenere med kontakt og dette er også status den dag i dag, ingen fotball for verken A- eller B-lag.

Sommeren kom og igjen ble alle sommercuper avlyst en etter en. Store og små hadde gledet seg til de tradisjonelle overnattingscupene, men alt ble avlyst. I år skulle Stjernelaget som hadde fått dekket midler til treningsleir i Danmark på tur, men også denne ble avlyst.

Vi er utrolig takknemlig for at vi har så kompetente og flinke trenere som bruker mange mange timer og store deler av fritiden sin på anleggene våre sammen med klubbens barn og unge. Tusen takk for den jobben dere gjør, dere gir våre håpefulle stor glede i hverdagen. I høst var vi optimistiske og så frem til normale tider igjen. Vi fikk arrangert fotballskole i uken før skolestart i august, og denne ble som vanlig veldig populær. Etter dette ble det oppstart av seriespill for barne- og ungdomsfotballen, og det var igjen stor aktivitet og fotballglede på Eidsbøen. De fleste lag fikk gjennomført sine serier før

det ble stopp igjen i november. Dette gjorde også at flere lag fikk en tidligere avslutning på året enn ønsket. Også fotballfritidsordningen startet opp igjen i høst, og med en dobling av deltakere, så er dette et tilbud vi er stolte av. Covid-19 har også gjort at vi ikke har fått gjennomført de tradisjonelle arrangementene som Austevollserie, sesongavslutninger og vi får heller ikke arrangert julacupen.

Tross denne uvirkelige sesongen og året, så er vi utrolig glad for at de fleste av våre samarbeidspartnere har hatt mulighet til å støtte oss i disse utfordrende tider.

Vi går for Stolthet og Glede i 2021.

Austevoll Idrettsklubb vil med dette takka for all støtta me har fått hjå våre sponsorar både i form av pengar, gåver, anlegg og utstyr. Utan hjelp frå dykk kunne me ikkje driva klubben vår slik me gjer i dag

Me vil og takka alle frivillige i klubben, som gjer ein fantastisk jobb for alle barn og unge i klubben. Utan frivillige kunne me ikkje hatt alle tilboda me har pr i dag.

So håpa me at Koronaen blir vekke i 2021, slik at me kan få eit idrettsår slik me pleier.



God Jul og eit godt nyttår.

Austevoll Idrettsklubb

